

Maria Tråseth Heggheim

## Teori og tolking

Ein gjennomgang av prosessuell og postprosessuell litteratur om gravskikk frå eldre jernalder

Bacheloroppgåve i Arkeologi  
Rettleiar: Heidi Mjelva Breivik  
April 2024



Maria Tråseth Heggheim

## **Teori og tolking**

Ein gjennomgang av prosessuell og postprosessuell litteratur om gravskikk frå eldre jernalder

Bacheloroppgåve i Arkeologi  
Rettleiar: Heidi Mjelva Breivik  
April 2024

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultetet  
Institutt for historiske studiar



**NTNU**

Kunnskap for ei betre verd



## Innholdsliste

Figurliste.....	3
1. Innleiing .....	4
1.1. Introduksjon.....	4
1.2. Problemstilling.....	4
2. Teori.....	5
2.1. Kva er teori .....	5
2.2. Arkeologiske teoriar .....	6
2.2.1. Prosessuell arkeologi .....	6
2.2.2. Postprosessuell arkeologi.....	7
3. Teori og gravskikk.....	8
3.2. Prosessuell arkeologi om gravskikk .....	8
3.3. Postprosessuell arkeologi om gravskikk.....	9
4. Undersøking .....	10
4.1. Korleis gjennomføre analysen .....	10
4.2. Gjennomgang av tekstane.....	11
4.2.1. Norges historie: Bind 1 Forhistorien: frå jegergrupper til høvdingsamfunn – Bente Magnus & Bjørn Myhre.....	11
4.2.2. Inntrøndelag i Romertid: Gravfunn og bosetning – Lyder Marstrander .....	12
4.2.3. Død og grav: Gravskikk på Kvasheimfeltet, Hå i Rogaland, SV Norge – Grete Lillehammer.....	14
4.2.4. Om gravrituale, makt og kjønn: En nytolkning av gravfeltet på Kvasheim – Jostein Bergstøl.....	16
4.2.5. Dialoger med de døde: Arkeologien og gravskikken – Frans-Arne Stylegar .....	17
4.2.6 Analysepunkta.....	18
5. Analyse .....	18
5.1. Presentasjon av teori.....	18
5.2. Presentasjon av materialet .....	19

5.3. Symbolsk betydning .....	20
5.4. Samfunnsutvikling.....	20
5.5. Samfunnsstruktur.....	21
6. Konklusjon .....	22
Litteraturliste .....	23

# Figurliste

Figur 1 Kart over undersøkingsområdet i Inntrøndelag .....	12
Figur 2 Døme på presentasjon av materialet .....	13
Figur 3 Døme på korleis oversikt over AOT verdiar for gravfeltet vart presentert.....	13
Figur 4 Kart over gravfeltet på Hå i Rogaland .....	14
Figur 5 Døme på korleis oversikta over gravfeltet vart presentert.....	15
Figur 6 Døme på presentasjonen av klassifisering av grava .....	15
Figur 7 Døme på korleis AOT verdiane vart presentert .....	16

# 1. Innleiing

## 1.1. Introduksjon

Gjenstandar som har vorte lagde ned i graver har vore ein viktig del av det arkeologiske kjeldematerialet sidan arkeologifagets opphav. Som alt anna kjeldemateriale er det fleire ulike tolkingar og teoriar rundt kva dette materialet kan ha betydd, til dømes kva det kan fortelje om større samfunn og samfunnsprosessar, eller personen sjølv.

Teoriar og tolking av arkeologisk materiale kjem i ulike tidsperiodar, ofte som ein kritikk på dei tidlegare tolkingsmodellane. Eit resultat av nye tolkingar er at ein kan sjå på eit materiale på andre måtar, til dømes kan ein tileigne seg ny kunnskap om tidlegare kulturar. Ulike teoriar kan utvikle seg på fleire måtar, mellom anna ved å stille seg nye spørsmål, og ved å kritisere eldre arbeid.

Sjølv om arkeologi kan delast inn i teoretiske periodar, betyr ikkje dette at alt arbeidet som har blitt gjennomført innanfor desse periodane passar godt inn. Enkelte arkeologar held fram med å bruke «gamal» teori, medan andre nyttar seg av ein ikkje lett definerbar blanding av fleire ulike tankar. Dette kan knytast saman med nett kor mykje av desse periodane som handlar om å kritisere dei tidlegare teoriene. Arkeologar fortset å debattere kring dei ulike tolkingane heile vegen.

Graver er eit stort felt for arkeologisk forskning, både når det kjem til utgravingar og vidare arbeid med materialet. Store graver, slik som haugar og røyser, ser ut til å tidleg ha vore av stor interesse med fleire utgravingar som stammar tilbake til starten av 1800- talet (Chapman & Randsborg, 1981, s. 2). Fokuspunkta rundt desse gravene har endra seg, men den grunnleggjande tanken om å lære noko om kulturane i fortida ved å studere gravane deira har vore konstant.

## 1.2. Problemstilling

Ein tar i bruk teori når ein arbeidar med og tolkar arkeologisk materiale. Fokuspunkta til dei ulike teoriene kan vere med på å påverke kva som har blitt sett på som viktig, og korleis desse elementa har blitt forstått. I oppgåva vil eg fokusere på endringa som har tatt plass i bytte mellom ulike teoriar.



Problemstillinga til oppgåva er:

1. Korleis har prosessuell og postprosessuell arkeologisk teori framstilt samfunnet gjennom gravfunn frå eldre jernalder i Noreg i arkeologisk tekst?
2. Kva er forskjellane i desse framstillingane, og korleis kritiserer desse teoriane tidlegare teori?

I denne oppgåva skal eg presentere ulike tolkingar av gravmaterialet frå eldre jernalder, med eit fokus på korleis ein tolkar presentasjonen av samfunn i grava. Fokuset vil vere på tolkingane innanfor prosessuell og postprosessuell arkeologi. Dette er store teoretiske modellar som omhandlar fleire meiningar, så difor vil eg velje ut enkelte punkt frå kvar teori som eg vil fokusere på.

For å gjennomføre dette vil eg presentere teoriane. Eg vil først gi eit generelt overblikk over prosessuell og postprosessuell arkeologi, før eg spesialiserer teorigjenomgangen til å omhandle graver og gravskikk. Gjennom presentasjonen vil fokuset vere på korleis den nye teorien kritiserer den forrige teorien.

Basert på desse teoriane vil eg velje meg nokre tekstar eg meiner er godt representative for periodane. Desse tekstane vil eg samanlikne og analysere basert på korleis dei framstiller samfunn.

## 2. Teori

### 2.1. Kva er teori

Arkeologiske teoriar kan sjåast på som eit rammeverk ein brukar for å tolke det arkeologiske materialet (Olsen, 1997, s. 16). Dette rammeverket er ofte ein samansetning av tidlegare tolkingar. Nye teorimodellar har kome som kritikk av tidlegare aksepterte modellar, der denne «nye» modellen enten var ein revidert versjon, eller eit brot frå det gamle (Olsen, 1997, s. 25-26; 73). Sjølv om nye teoriar kom til, betyr ikkje det at ein slutta å bruke dei gamle, men dei kan meir eller mindre ha endra seg frå korleis dei var originalt (Olsen, 1997, s. 30).

I Europa har arkeologien tradisjonelt sett vore knytt til historiefaget, medan i USA har arkeologi ofte blitt sett på som ein del av antropologien (Hodder, 1991, s. vii-viii). Utviklinga

av teori varierer frå stad til stad, ofte påverka av ein blanding av interne og eksterne faktorar (Hodder, 1991, s. 12).

I Skandinavia vart antropologien introdusert på 60- talet gjennom USA og England, med dette kom den prosessuelle arkeologien (Myhre, 1991, s. 164). Teoriar utvikla seg med liknande idear som i britisk arkeologi, sjølv om mykje av arbeidet i datida kan seiast å vere meir konservativt (Myhre, 1991, s. 170). Denne nye teorien blei kritisert allereie frå 70- talet, og la vegen for nye teoriretningar (Myhre, 1991, s. 171-177).

Når det kjem til bruk av teori, er dette noko som alltid skjer i arkeologisk forskning. Alle tolkingar av materiale brukar nemleg teori for å kome til konklusjonar, og for å prøve å forklare kva som har skjedd (Johnson, 2020, s. 5-7). Kva vi veit om fortida er avhengig av kva spørsmål arkeologar stiller, og kva svar og konklusjonar som blir drege (Johnson, 2020, s. 13-16). Gjenstandsmaterialet har nemleg ikkje sjølv moglegheit til å svare på våre spørsmål.

## 2.2. Arkeologiske teoriar

### 2.2.1. Prosessuell arkeologi

Prosessuell arkeologi kom som ein kritikk på kulturhistorisk arkeologi, som var den rådane modellen frå tida rundt 1900 til ca. 1960 (Olsen, 1997, s. 31). Det viktige aspektet med denne teorien var fokuset på ulike kulturar. (Olsen, 1997, s. 32). På 1900- talet vart fokuset på kulturar viktigare, der desse «kulturane» vart definerte stort sett basert på materiallikskapar i gravfunn (Chapman & Randsborg, 1981, s. 3-4).

Lewis Binford kritiserte i 1962 den kulturhistoriske måten å sjå på gjenstandar på, der materialet var tenkt til å kunne gi forklaringar på spesifikke hendingar, ikkje sjølve prosessen (s. 217). Vidare kritiserte han tanken på at artefaktar på tvers av kulturar blir behandla likt, utan å tenke at forskjellar og likskapar kan presenterast ulikt (Binford, 1962, s. 207-208).

Denne typen kritikk, i tillegg til nye tankar rundt arkeologifaget, vart meir vanleg blant nye arkeologar på 1960 talet. Desse var ofte kritiske til kulturhistorisk arkeologi, spesielt med tanke på korleis modellen sorterte gjenstandsmaterialet i kulturar utan å ta med menneska som var involverte (Johnson, 2020, s. 24). Denne modellen hadde sin oppstart i USA, som vi ser med bruken av fleire antropologiske tankar, men seinare vart den òg viktig i Europa (Olsen, 1997, s. 45-46).

Det var to hovudpunkt som skilte prosessuell arkeologi frå kulturhistorisk arkeologi, det var positivisme og funksjonalisme. Det positivistiske synet fokuserte på arkeologi som vitenskap, der det var viktig å kunne testen kunnskapen ein hadde tileigna (Olsen, 1997, s. 47). Ein viktig tanke knytt til tekstinga er at ein ville oppdage og bruke universelle lover som gjaldt for alle tidlegare kulturar (Olsen, 1997, s. 91).

Funksjonalisme handla om korleis kulturar utviklar seg. Det var no tenkt at landskapet var ein viktig del av denne utviklinga. Samfunnet har eit behov til å vere i likevekt med landskapet, så samfunnsutvikling skjer i tilknytning til landskapsendring (Olsen, 1997, s. 134). Dette skilte seg klart frå det kulturhistoriske synet, der ein tenkte at materialulikeheit kom frå ulike kulturgrupper, i staden for variasjonar innanfor ei gruppe (Olsen, 1997, s. 49).

### 2.2.2. Postprosessuell arkeologi

Postprosessuell arkeologi representerer ikkje ei retning innanfor arkeologien, men fungerer i staden som ein kritikk på prosessuell arkeologi, med fleire ulike «løysningar» på denne kritikken. Som Olsen skriv «Det retningene primært hadde til felles, var sin kritikk av den rigide økologiske funksjonalismen og det strenge, positivistiske vitenskapsidealet i den nye arkeologien» (1997, s. 60).

Ein viktig del av kritikken handla om den positivistiske delen av prosessuell teori, med den tenkte objektiviteten ved positivisme (Olsen, 1997, s. 61). Ein tidleg kritkar av denne vitenskapelege testinga var Ian Hodder, som sjølv hadde brukt prosessuell teori i arbeidet sitt.

But as his research progressed Hodder became more and more doubtful that such models and simulations did really «test» or «prove» anything. The same pattern or trace in the archaeological record, for example a pottery distribution or network of urban centres, could be produced by a range of different simulated processes. Therefore, a given pattern in the archaeological record could be satisfactorily interpreted or explained in different ways, with reference to a number of different possible processes (Johnson, 2020, s. 109).

Der prosessuell arkeologi har fokusert på funksjonalisme var postprosessuell arkeologi meir opptatt av symbolikk. Kor den prosessuelle arkeologien hadde eit sterkt skilje mellom «praktiske» og «symbolske» gjenstandar, så meinte postprosessuell teori at gjenstandar kan vere begge delar (Olsen, 1997, s. 66).

Forholdet til menneske var òg svært viktig, der menneska no vart sett på som aktive aktørar som styrte samfunnsendringa, i staden for berre å eksistere innanfor samfunnets rammer (Johnson, 2020, s. 114). Dette betyr ikkje at rammene ikkje eksisterer. I følgje denne tanken går mennesket bevisst inn for å utfordre samfunnsrammene, og det er tenkt at dette er ein viktig prosess som kan føre til samfunnsendring (Johnson, 2020, s. 114-115).

## 3. Teori og gravskikk

### 3.2. Prosessuell arkeologi om gravskikk

Utgraving av graver har spelt ei viktig rolle i arkeologi sidan fagets start, med fokus på å sortere gravene kronologisk (Chapman & Randsborg, 1981, s. 2-3). Etter kvart merka ein at det var forskjellar i materialet frå same tid, noko som førte til kulturtanken som definerte den kulturhistoriske arkeologien (Olsen, 1996, s. 31-32). Her vart ein kultur definert basert på likskapar i materialet, ofte gravskikk, som gjaldt eit folk innanfor ein tidsperiode og eit geografisk område (Olsen, 1996, s. 32-33).

Vidare innanfor prosessuell arkeologi ser ein at fokuset på statusobjekt i rike graver har auka til samanlikning med den kulturhistorisk arkeologien, noko som passer med den auka vektlegginga samfunnsorganiseringa hadde i teorien (Wangen, 2009, s. 39). Graver som inneheld gjenstandar som blir knytt til rikdom, slik som glas og metall, vart sett på som representativt for området sine sosiale struktur (Wangen, 2009, s. 40). Noko ein òg tenkte gjaldt store gravhaugar.

Tanken om objektivitet, som det vart fokusert på i den prosessuelle arkeologien, viste seg ved at graver vart strukturisert ved hjelp av kor mange av dei ulike gjenstandskategoriene som var til stades, noko som vert kalla antall oldsakstyper, AOT (Wangen, 2009, s. 40). Ein tenkte at dei gjenstandane som var nedlagt i grava, perfekt representerte livet til den døde når det kom til «bosetningsområder, gårdsutvikling, sosial differensiering, økonomisk og politisk struktur, kvinners status og identifisering av maktsentra» men ikkje det religiøse og rituelle (Wangen, 2009, s. 42).

Denne sosiale rangen som ein meinte ein kunne sjå var av Binford delt i fire delar

(1) age, (2) sex, (3) relative rank and distinctiveness of the social position occupied by the deceased within the social unit, and (4) the affiliation of the deceased with respect to membership segments of the broader social unit, or in the case of intersocietal symbolism, the form appropriate to the society itself (1971, s. 17).

Det var vidare tenkt at meir «primitive» kulturar vektla alder og kjønn, medan meir «avanserte» kulturar hadde eit større fokus på andre statusmarkørar (Binford, 1971, s. 18-20).

### 3.3. Postprosessuell arkeologi om gravskikk

Tanken om at gravfunn perfekt representerer livet til den døde vart kritisert innanfor postprosessuell arkeologi (Wangen 2009, s. 43). Her vart gravritualet sett på som nettopp rituelt, og dermed gravmaterialet som eit uttrykk for det rituelle, ikkje barre for individet, men òg for det vidare samfunnet (Wangen, 2009, s. 43). Grava sin religiøse funksjon for både dei døde og levande vart òg vektlagt (Solberg, 2021, s. 31).

For prosessuell arkeologi vart det eit større problem at materialet i gravskikken ikkje lenger såg ut til å passe overeins med ein objektiv representasjon for livet (Hodder & Hutson, 2003, s. 2-3). Ian Hodder meinte at sjølv om det kunne vere mogleg å finne ein «law-like generalizations» som ville forklare desse forskjellane, ville det grunnleggande problemet fortsett vere der, forholdet mellom grav og liv vil variere frå kultur til kultur (Hodder & Hutson, 2003, s. 3).

Dette er ein typisk forskjell mellom prosessuell og postprosessuell arkeologi. Prosessuell arkeologi var opptatt av objektive modellar, medan postprosessuell arkeologi meinte dette ikkje ville vere representativt for alle samfunnsstrukturar.

Postprosessuell arkeologi er ikkje ein teoretisk modell for kva ein meiner gjenstandsmaterialet kan fortelje, i staden for består den av ei rekkje teoriar med ulike tankar. Eg kjem ikkje til å forklare desse ulike modellane, i staden vil eg fokusere på kva som var likt, samt kritikken mot prosessuell arkeologi.

## 4. Undersøking

### 4.1. Korleis gjennomføre analysen

I denne undersøkinga vil eg ta med fem tekstar som eg meiner tydeleg representerer prosessuell og postprosessuell arkeologisk teori. Dei to prosessuelle tekstane er *Norges historie: Bind 1 Forhistorien: frå jegergrupper til høvdingsamfunn* av Bente Magnus & Bjørn Myhre og *Inntrøndelag i Romertid: Gravfunn og bosetning* av Lyder Marstrander, medan dei to postprosessuelle tekstane er *Om gravrituale, makt og kjønn: En nytolkning av gravfeltet på Kvasheim* av Jostein Bergstøl og *Dialoger med de døde: Arkeologien og gravskikken* av Frans-Arne Stylegar.

Eg vil òg ta med *Død og grav: Gravskikk på Kvasheimfeltet, Hå i Rogaland, SV Norge* av Grete Lillehammer. Denne teksten har blitt sett på som eit godt eksempel på tidleg norsk postprosessuell litteratur (Wangen, 2009, s. 43), men teksten har òg blitt presentert som litteratur med klare påverknader frå begge periodane, dette på grunn av brytingstida den var skriva i (Bergstøl, 1995, s. 31-32). Eg tenker denne teksten vil vere eit godt eksempel på den utviklinga i bruk av teori som tok stad.

Tekstane eg har tatt med, tar alle for seg gravmaterielet i periodar innanfor eldre jernalder, perioden frå ca. 500 fvt. til 550 evt., i Noreg (Solberg, 2021). Desse periodane er: førromersk jernalder, frå ca. 500 fvt. til år 0, romertid, frå ca. år 0 til 400 evt., og folkevandringstid, frå ca. 400 evt. til 550 evt. (Solberg, 2021).

Som eg har påpeika i kapittel 2.1, har kritikk av tidlegare teoriar vore viktig for utvikling av nye. Eg vil fokusere på dette elementet vidare. For dei prosessuelle tekstane, vil fokuset vere på korleis «kultur» tanken frå kulturhistorisk teori vart endra, med den prosessuelle tanken om økologisk funksjonalitet. For postprosessuell teori vil fokuset vere på kritikken av den pårekna objektiviteten som kom med positivismen, med korleis postprosessuell arkeologi vidare utvikla bruken av symbol.

## 4.2. Gjennomgang av tekstane

### 4.2.1. Norges historie: Bind 1 Forhistorien: frå jegergrupper til høvdingsamfunn – Bente Magnus & Bjørn Myhre

*Norges historie* er ein oversikt over norsk historie først publisert i 1976. Oversikta er delt inn i femten bind, som tar for seg tida frå den tidlegaste busetjing til samtida. Den første boka i serien *Forhistorien: Frå jegergrupper til høvdingsamfunn*, tar for seg tida fram til ca. år 800 (Magnus & Myhre, 1995). Boka er skrevet av Bente Magnus og Bjørn Myhre, med eit forord av redaktøren Knut Mykland.

I denne oppgåva skal eg ta for meg korleis gravskikk blir presentert i dei to kapitla «Førromersk jernalder» og «Romertid og Folkevandringstid».

I kapittelet «Førromersk jernalder» blir gjenstandsmaterialet presentert med tanke på korleis det skil seg frå gravfunn frå yngre bronsealder (Magnus & Myhre, 1995, s. 217-220). Her har ein merka seg at funna frå austlandet og vestlandet skil seg frå kvarandre, spesielt innan gravskikk, sidan det er enkelte gjenstandsliknadar (Magnus & Myhre, 1995, s. 217-220). Begge tradisjonane viser til vidareføring av gravskikken frå yngre bronsealder, medan funna frå austlandet viser òg til ein ny gravskikk, som ein ser med ein auke i gravgåver, og endring av gravskikk (Magnus & Myhre, 1995, s. 218-224).

Dette skillet blir tolka som å vere eit resultat av ulik kontakt med andre kulturar lengre sør i Europa, medan likskapar i materialet stammar frå kontakt mellom aust og vest (Magnus & Myhre, 1995, s. 220). Det blir òg nemnd at forskjellane kan kome frå ulike religiøse oppfatningar, men at ein ikkje kan seie noko sikkert på grunn av manglande informasjon om tidas religiøse bilete (Magnus & Myhre, 1995, s. 220).

I «Romertid og Folkevandringstid» blir det hevda at ein kan tolke gravfunn basert på «positive kriterier», altså at elementa i gravfunnet kan seie noko om busetnad, økonomisk overskot og kulturell kontakt med andre, men er kritiske til å bruke «negative kriterier» (Magnus & Myhre, 1995, s. 249). Dette fordi dei meiner ein ikkje kan vite kvifor eit gravfunn var manglande, om det var grunna lita bosetjing eller dårleg råd, eller på grunn av eit samfunn som gav verdigjenstandar til dei levande, i staden for ei døde (Magnus & Myhre, 1995, s. 249).

Magnus & Myhre tolkar at overgangen frå branngraver, som òg kallast kremasjonsgraver, til rikt utsmykka inhumasjonsgraver, som òg har blitt referert til som skjelettgraver og ubrente graver, kunne sjåast i samanheng med den aukande handelsverksemda ein hadde med romarriket (1995, s. 250). Denne tolkinga er basert på dei store likskapane ein ser i gjenstandsmaterialet frå ulike graver over eit større område, allereie frå starten av denne gravpraksisen. På grunn av dette ser endringa ut til å ha skjedd raskt, og kan i hovudsak knytast til det høgaste sjiktet. Det var tenkt at det var medlemar av dette sjiktet som lettast kunne ta i bruk framande skikkar, grunna deira tilgang til andre kulturar, før dette spreidde seg vidare (Magnus & Myhre, 1995, s. 257).


I kapitlet er materialet presentert i samanheng med tolkinga av utviklinga av gravfunna. Eit eksempel på dette er utviklinga av størrelsen på gravhaugen. Dette vert presentert i tilknytning til ideen om at større, meir dominerande haugar vart bygd i samanheng med aukande rikdom. Det blir her òg poengtert at storleiken på haugen har vore viktigare enn kvaliteten av innhaldet (Magnus & Myhre, 1995, s. 256).

#### 4.2.2. Inntrøndelag i Romertid: Gravfunn og bosetning – Lyder Marstrander

*Inntrøndelag i Romertid: Gravfunn og bosetning* av Lyder Marstrander vart i 1977 avlagt som ein magistergradsavhandling, før den i 1983 vart publisert som bok. Her er han interessert i kva som skuldast funnkonsentrasjonen i Inntrøndelag, eit område som tilsvarer ca. 10% av Trøndelag og har i overkant av 40% av funna frå romertid (Marstrander, 1983, s. 18-19).

Marstrander tar med ein forskingshistorie frå området. Denne teorien baserer seg på at endring i gravskikk kom utanfrå, med unntaket av auken i funntalet utover folkevandringstida, som skuldast auka nordsjøhandel (Marstrander, 1983, s. 21-27). Det er denne modellen Marstrander sjølv baserer arbeidet sitt på.

Oppgåva til Marstrander gir ein grundig oversikt over materialet. Denne oversikta tar med seg kva type gjenstandar som er funnet, korleis desse gjenstandane kan grupperast og delast opp,




Figur 1 Kart over undersøkingsområdet i Inntrøndelag (Marstrander, 1983, s. 12).



kor mange gjenstandar desse gruppene inneheld, kva forskjellar ein ser, konteksten dei vart funne i, kva bruk gjenstandane mogligens kunne hatt, korleis dei kunne ha vorte erverva, i tillegg til datering og materialet brukt (Marstrander, 1983, s. 29- 106).

Ein liknande oversikt blir gjort for gravskikk. Der tok han med forma på grava, om det var ein branngrav eller inhumasjonsgrav og korleis gravskikken har blitt gjennomført (Marstrander, 1983, s. 106-118).

Mot slutten av oppgåva er det lagt fram ein katalog, der funna frå Inntrøndelag er sortert etter kommune og gard (Marstrander, 1983, s. 175-200). Etter dette kjem ei avbilding av fleire av desse gjenstandane (Marstrander, 1983, s. 201-229). Denne katalogen er referert til i løpet av teksten, når funna blir presentert.



Figur 3 Døme på korleis oversikt over AOT verdier for gravfeltet vart presentert. Figuren viser AOT verdiane ut i frå kor mange graver hadde kva verdi (Marstrander, 1983, s. 143).

organisert import i området sitt, og gravene inneheld lite våpen (Marstrander, 1983, s. 143-144). Dei to gruppene som mellomtsjiktet inneheld er graver med våpen og graver med personleg utstyr, desse gravene har alle lite importutstyr, med få unntak. Desse gruppene har

Tabell 17. Funn fra Inn-Trøndelag med gjenstander av ben.

Mat. nr.	Funnsted	Kategori														Datering			
		Sakkyndig utgravd	Nål	Kam	Spennelid	Spillleirike	Skje	Pilspiss	Utdyb. rfiert	Våpen	Import	Fremtitt	Resklap	Fibula	Annet pers.utstyr		Glassherie	Beltutstyr	
5	VALBERG	*																	B 2
51	EGGE grav A	*																	B 2
31	GRINNESBY	*		*															C 1
34	VERDAL	*		*															C 2
45	TANEM	*		*															C 2 - C 3
7	VESKE VESTRE	*		*															C 2 - C 3
39	FOSSEM	*		*															C 3
26	KVELLO	*	*	*															C 3
14	SALTHAMMER	*		*															C 3
41	OPPEM I	*	*	*															C 3
	OPPEM II	*		*															C 3
44	STEVRA I	*		*															C 3
	STEVRA II	*	*	*															C 3
22	HOLMLIMO	*	*	*															C 3
23	HOLMLIMO	*	*	*															C 3
17	BERG	*		*															C 3 (?)
38	DALEM III	*		*															C 3 (?)
	DALEM IV	*		*															C 3 (?)
40	KVITVANG II	*		*															C
48	VØREM	*		*															C 2 - D

Mat. nr. 31 er ikke tatt med fordi antallet graver og oldsakenes fordeling på dem er usikker.

Figur 2 Døme på presentasjon av materialet. Figuren viser kva lokasjon ulike gjenstandstyper er funnet på (Marstrander, 1983, s. 78).

For å tolke materialet, baserer Marstrander seg på ein undersøking av Lotte Hedeager, dette for å kunne bruke AOT verdier til å dele samfunnet inn i ulike sjikt (1983, s. 142). I samsvar med Hedeager ser han at høge AOT verdien samsvarar med luksusgjenstandar (Marstrander, 1983, s. 142-143). Med bakgrunn i dette vert samfunnet delt i 3 sjikt, eit øvre sjikt, eit mellomtsjikt bestående av to grupper og eit nedre sjikt (Marstrander, 1983, s. 143-144).

Høgsjiktet, med verdier frå 0 med 7, blir sett på som storbønder. Desse tenkjer Marstrander har

AOT verdi mellom 1 og 6 (Marstrander, 1983, s. 143-146). Lågsjiktet består stort sett av branngraver, som er tenkt å ha rot i ein eldre tradisjon, med ein AOT verdi på mellom 1 og 3 (Marstrander, 1983, s. 143-146).


Marstrander baserer seg på AOT verdiane når han meiner at det øvste sjiktet etablerer seg basert på økonomi, ikkje som militerklasse. Dette stemmer òg for våpengravene, som minner om ei utvikling som har skjedd på staden, med påverking frå andre kulturar (Marstrander, 1983, s. 151-152). I lågsjiktet vert det tolka at det stod dårlegare til økonomisk, på grunn av kor lite materiale gravene inneheld (Marstrander, 1983, s. 152).

#### 4.2.3. Død og grav: Gravskikk på Kvasheimfeltet, Hå i Rogaland, SV Norge – Grete Lillehammer

Grete Lillehammer la først ut *Død og grav: Gravskikk på Kvasheimfeltet, Hå i Rogaland, SV Norge* i 1985, som ein magistergradsavhandling. Med publiseringa av boka i 1996 vart det gjort mindre justeringar. I teksten er det beskrevet kva forhold samfunnet hadde til døden, i ei tolking som baserer seg på gravmaterialet (Lillehammer, 1996).

Lillehammer gir ein oversikt over tidlegare forskning på gravfeltet på Kvasheim frå slutten av 1800-talet. Denne oversikten inneheld både kva materiale som var funne, og ulike tolkingar tidlegare arkeologiar hadde hatt om gravfeltet, (1996, s.16-23).

Teksten har òg eit fokus på kjeldekritikk. Nokre døme på dette er ser ein når det kjem til informasjonen som er henta ut i frå dagbøker og gravplanar, i tillegg anna uregelmessig dokumentasjon. Det er òg fleire av kjeldene som har gitt ei manglande metodebeskriving (Lillehammer, 1996, s. 24-36).



Figur 4 Kart over gravfeltet på Hå i Rogaland (Lillehammer, 1996, s. 19).

Tabell 2. Framtredende egenskaper ved gravskikken på gravfeltet over tid. F=kvinnlig; M=mannlig  
Table 2. Presentation of the main components representing the burial ritual in the cemetery over time. F=female; M=male

Tidstrom	Tidlig fase Sen KT/ eldre RT	Hovedfase Mellomste YRT	Hovedfase Yngste RT og FVT	Sen fase VT
Gravfeltlokalisering	Oppe	Nede	Oppe og nede	Nede
Ytre gravmarkering	Store runde	Små runde og ovale Firsidige?	Små og store runde Små ovale Små, middels og store avlange Små firsidige	Randi/ avlang? Firsidige?
Indre gravmarkering	Beinholder	Skjelettflak Rammekonstruert	Skjelettflak Rammekonstruert Bålmørje	Skjelettflak
Den gravlagtes plassering			Rygg- og sideleie Hodet nordvendt/ sydvendt	
Utstyr		Kropp/ draktutstyr Redskap Beholdere	Kropp/draktutstyr Redskap Våpen Beholdere	Våpen
Variasjon i utstyr		Sparsomt	Sparsomt og middels	Sparsomt
Utstyrets plass			Beholdere/ redskap sammen eller hver for seg. Ved hode/ føtterne/ ved siden	
Likbehandling	Brent	Ubrent	Brent Ubrent	Ubrent
Kjønnsrelasjoner	F ukjent	F ukjent	F M	M

Figur 5 Døme på korleis oversikta over gravfeltet vart presentert. Figuren viser korleis ulike deler av grava samsvarar med ulike tidsperiodar (Lillehammer, 1996, s. 88).

katalog over gjenstandsfunna, som inneheld informasjon om gjenstanden, i tillegg til illustrasjonar og bilete (Lillehammer, 1996, s. 133-221).

Basert på materialoversikta meiner Lillehammer at det har skjedd eit skilje frå branngraver med lite utstyr til inhumasjonsgraver med meir utstyr, etter dette skilje har branngravene òg vorte meir gjenstandsrike (Lillehammer, 1996, s. 89).

Lillehammer sin tolking handlar om å stille spørsmål til materialet (1996, s. 97). Ho er mellom anna kritisk til korleis materialet typisk er blitt klassifisert, sidan ein kan oversjå viktige sider ved grava. Lillehammer meiner difor at det er betre å klassifisere den døde og grava aleine, i staden for som ein del av eit gravfelt, for betre å fokusere på individet (Lillehammer, 1996, s. 97-98). Dette meiner Lillehammer vil føre til at ein lettare kan sjå mangfaldet i materialet, og dermed forstå samfunnet betre (Lillehammer, 1996, s. 97-98).

Korleis ein kan forstå symbol, er òg ein viktig del av Lillehammer sitt tolkingsarbeid. Det vert peika på kor viktig symbol er både for kommunikasjon og for korleis verda vart oppfatta (Lillehammer, 1996, s. 95). Denne rituelle kommunikasjonen er det Lillehammer meiner gjer grava til eit symbol på samfunnet, noko som kan bety at gravskikkane kan ha endra seg på grunn av endring i religion (Lillehammer, 1996, s. 95).

Før det blir lagt fram ein eigen analyse av funna gir Lillehammer ein oversikt over gravfeltet. Denne oversikten tar for seg både dei ytre og indre delane av grava, og har vorte delt opp i mellom anna form, orientering, likebehandling, grava sitt innhald, datering, kjønnsbestemming og korleis desse ulike delane av gravfunnet fungerer i lag (Lillehammer, 1996, s. 37-89).

Den siste delen av teksten inneheld ein

1. Det levende individ	2. Det døde individ	3. Det gravlagte individ	4. Individet i gravfunnet
Kjøn	Kjøn	Kjøn	Kjøn
Alder	Alder	Alder	Alder
Sosial posisjon og tilknytning	Sosial posisjon og tilknytning	Sosial posisjon og tilknytning	?
Bosted	Bosted	Gravsted	Gravsted
Levetid	Dødssted		?
Tidspunkt		Tidspunkt	?
Årstid/ sesong		Årstid/ sesong	?
Dødsårsak		Årsak til gravlegging	?

Fig. 69. Klassifiserte egenskaper ved det levende individ (1), det døde individ (2), det gravlagte individ (3) og individet i gravfunnet (4).

Fig. 69. Attributes used to classify the living individual (1), the dead individual (2), the buried individual (3), the buried individual in the excavated grave find.

Figur 6 Døme på presentasjonen av klassifisering av grava. Figuren viser ulike aspekt ved klassifisering av individet (Lillehammer, 1996, s. 98).


Lillehammer baserer seg på materialgruppene for å kunne tolke gravfunna. Ho legger fram fleire ulike tolkingar for kva dette materialet kan bety. Her tenker ho at samfunnet, i løpet av feltet sin brukstid, har endra haldning til døden. Dette tenker ho er mogleg på grunn av sosiale og økonomiske relasjonar. Denne tolkinga kjem frå endringa frå branngraver til inhumasjonsgraver, og auka ein ser i tal gravlagde. Grava gir òg uttrykk for at samfunnet har sett på grava til både å gi uttrykk for individet og for samfunnet (Lillehammer, 1996, s. 109).

#### 4.2.4. Om gravrituale, makt og kjønn: En nytolkning av gravfeltet på Kvasheim – Jostein Bergstøl

Hovudfagsoppgåva til Jostein Bergstøl frå 1995, tar for seg det same gravfeltområdet som teksten til Grete Lillehammer. Ein interessant forskjell her er tida tekstane er skreve i. Medan Lillehammer skreiv tidleg i overgangen mellom prosessuell og postprosessuell arkeologi, skreiv Bergstøl i ein meir etablert postprosessuell arkeologisk periode.

Bergstøl presenterer gravfeltet (1995), men går ikkje over gravmaterialet i detalj. For å tolke dette materialet brukar Bergstøl AOT verdiar: form, tal graver i kvar haug, om grava er ei branngrav eller inhumasjonsgrav, i tillegg til å fastsetje kjønn (Bergstøl, 1995, s. 46-51). AOT analysen blir gjort ved å dele opp gravene i små grupper, basert på kva slags graver som høyrer til kva for hundreårsperiode, for så å presentere AOT verdien av både dei individuelle gravene og av dei samla gruppene (Bergstøl, 1995, s. 54-66). Basert på desse verdiane har Bergstøl laga ei oversikt over endringar på feltet over tid, der han merkar seg at enkelte periodar har hatt rikare AOT verdiar i gravane enn andre (Bergstøl, 1995, s. 64-65).

Hovudfagsoppgåva blir plassert i samanheng med datida sin nye retning, som handlar om å flytte fokuset frå personen i grava, til det større samfunnet (Bergstøl, 1995, s. 7). Bergstøl gjer dette ved å ta i bruk Randall McGuire sin marxistiske teori, dette for å kunne bruke det



Figur 7 Døme på korleis AOT verdiane vart presentert. Figuren viser AOT verdiane oppdelte i ulike periodar (Bergstøl, 1995, s. 63).

arkeologiske kjeldematerialet til å forstå meininga bak ritualet i gravskikken (Bergstøl, 1995, s. 7).

Her er ideen om motsetningar eit fokus. Bergstøl meiner med dette at ein ikkje kan sjå på gravfunn i seg sjølv, men som ein del av heilheita (Bergstøl, 1995, s. 10). Andre viktige faktorar er den marxistiske teorien sitt syn på historie, makt, ideologi og ritual (Bergstøl, 1995, s. 10-16). Dette teorifokuset blir brukt av Bergstøl i heile hovudoppgåva.

I følgje Bergstøl kan ein ikkje separere analyse av gravfunn frå analyse av symbol, og symbol er brukt for å gi uttrykk for ein større sosial struktur (1995, s. 5). Enkeltsymbol åleine kan ikkje brukast til gi meining til større system, dette på grunn av kor ulikt symbol kan bli tolka for dei ulike medlemene av samfunnet, ein må difor sjå på heile den rituelle konteksten (Bergstøl, 1995, s. 17).

Samfunnsstruktur og samfunnsutvikling vert presentert som å stamme frå mennesket sine individuelle handlingar, men desse handlingane skjer innanfor avgrensande faktorar (Bergstøl, 1995, s. 18).

#### 4.2.5. Dialoger med de døde: Arkeologien og gravskikken – Frans-Arne Stylegar

*Dialoger med de døde: Arkeologien og gravskikken* er ei hovudoppgåve frå 1995, skrevet av Frans-Arne Stylegar. I oppgåva problematiserer han eit pårekna forhold mellom rik og fattig gravskikk og statusen i samfunnet, som stammer frå den prosessuelle arkeologien (Stylegar, 1995, s. 76). Han er òg opptatt av å sjå på gravskikk som ideologi (Stylegar, 1995).

Ein forskjell denne oppgåva har frå dei andre tekstane er fokuset på den ytre grava, i staden for fokuset på gjenstandsmaterialet (Stylegar, 1995). Dette er, i følgje Stylegar, både grunna «[...] problemet med å skille ut signifikante analytiske faktorer i er gravmateriale» (1995, s. 107), og på grunn av den synlege grava i seg sjølv «[...] former og omformer tanke og handling» (1995, s. 107).

Stylegar sin hovudfagsoppgåve har tidleg ein gjennomgang av korleis teori er knytt til gravskikk. Presentasjonen startar rundt 1940, men hovudfokuset ligg etter 1970, med prosessuell og postprosessuell arkeologi, samt kritikk til desse teoriane (Stylegar, 1995). Stylegar kritiserer sjølv kor stort fokus religionsarkeologi har hatt i Skandinavia. Han meinte at i fokuset på religiøse ritual i gravskikken, hadde enkelte gløymt at gravskikk òg kan fortelje om andre aspekt, slik som samfunnsutvikling og sosial struktur (Stylegar, 1995, s. 13).

Oppgåva gir ein kort presentasjon av dei tre felta på Hunn, som i alt består av 145 synlege gravminne (Stylegar, 1995, s. 47-53). Her blir det ikkje oppgitt ei liste over gravene sitt innhald, slik som det er gjort i enkelte andre av tekstane.

Tidlegare har felta på Hunn vore tolka til å vise ein overgang til eit stratifisert klassesamfunn, altså eit samfunn delt opp i ulike lag, på grunn av innflyttarar, medan Stylegar vil finne ein alternativ tolking (Stylegar, 1995, s. 54-55). Stylegar seier seg einig med eldre tolkingar om at det har skjedd ei endring av gravskikk i romertid på Hunn, både når det gjeld import og våpengraver, men ikkje nødvendigvis når det kjem til plassering (Stylegar, 1995, s. 61-65).

Den alternative tolkinga som blir presentert går ut på at samfunnet utviklar eit militærdemokratisk system, på grunn av ein aukande betyding av krig som kjem etter romerane sin ekspansjon nordover (Stylegar, 1995, s. 61-67). Det er tenkt at høvdingane fekk deler av bøndene sin overskotsproduksjon. I starten var dette frivillig, men etter ein krise kan høvdingane ha prøvd å tvinge dette til å fortsette, noko som har ført til «det monumentale våpengravmiljøet» (Stylegar, 1995, s. 67).

#### 4.2.6 Analysepunkta

Basert på desse fem tekstane vil eg samanlikne presentasjonen av teori og materiale, i tillegg til korleis tekstane diskuterer symbol, samfunnsutvikling og samfunnsstruktur. Desse analysepunkta er blitt valt ut på grunn av at alle er tematikkar som dei fleste av tekstane brukar, men gjort på forskjellige måtar.

## 5. Analyse

### 5.1. Presentasjon av teori

Tekstane eg har brukt viser korleis presentasjonen av teori har forandra seg frå prosessuell til postprosessuell arkeologi. I alle tekstane vert det greidd ut om tidlegare tolkingar, og det vart forklart kva ein baserer sine tolkingar på. I dei prosessuelle tekstane blir dette gjort som del av ein slags forskingshistorie, ved å presentere spesifikke tolkingar tidlegare arkeologar har lagt fram. Ein liknande gjennomgang ser ein hos dei postprosessuelle tekstane, men her blir ein òg

presentert for ein spesifikk teoridel. I denne teoridelen namngir dei den teoretiske modellen som vil bli brukt, og går over nokre viktige aspekt med den.

I dei prosessuelle tekstane fører gjennomgangen av forskingshistorie til at tekstane verker som ein kontinuitet av den tidlegare forskinga. Her presenterer ein korleis det materialet ein vil bruke tidlegare har vorte brukt, og korleis denne bruken har endra seg, noko som fører til at ein ser dei nye tolkingane i lys av dei gamle.

Det at ein i dei postprosessuelle tekstane tar med ein gjennomgang av teorien som vert brukt, gjer det tydeleg at ein kan tolke materialet på ulike måtar. I Bergstøl sin tekst blir ein presentert for teorimodellen han brukar, utan at andre modellar vert gjennomgått. Dette er ulikt teksten til Stylegar som gir ein grundig innføring i utviklinga av arkeologisk teori. Sjølv om dette er ulikt, fører begge desse måtane å presentere teoriar på til at teksten passar inn i ein teoretisk modell, men ikkje nødvendigvis heile forskingshistoria.

Teksten til Lillehammer er meir prosessuell i utforming, med sin gjennomgang av forskingshistorie utan å sette teksten sin i nokon spesifikk arkeologisk modell, men den skil seg ut ved å kritisere viktige delar av denne forskinga. Denne kritikken er med på å framstille verket som noko som ikkje heilt passar inn i kontinuiteten.

## 5.2. Presentasjon av materialet

Ein ser eit tydeleg skilje i korleis materialet har blitt presentert. Dei mest detaljerte oversiktane finn ein i tekstane til Marstrander og Lillehammer, som både har eit kapittel der gjenstansfunna og gravane blir presentert, i tillegg til å avslutte med ein gjenstandskatalog, som har detaljrik informasjon og bilete over funna. Denne måten å leggje fram materialet på, blir brukt til å skape ein oversikt over området ein kan analysere ut i frå. Dette kan knytast til den prosessuelle tanken om å strukturere funna for å kunne seie noko om samfunnsordenen, som blir nemnt i kapittel 3.2.

I dei prosessuelle tekstane gir ein ingen grundig presentasjon over heile funnet, men fokuserer i staden på å gi ei overordna oversikt, med fokus på dei materiala som er relevant for tolkinga. Eit eksempel på dette er korleis våpengraver blir presentert i teksten til Stylegar. Her får ein vite om enkelte trulege våpengraver for å tolke endring i gravfunn i romertid (Stylegar, 1995, s. 61-65), men det blir ikkje lagt ved ei detaljert innhaldsliste. Sjølv om funnet ikkje får ein grundig gjennomgang, blir feltet fortsett nøye presentert.

### 5.3. Symbolsk betydning

I postprosessuell arkeologi vart det større fokus på symbolikk i grava. I dei prosessuelle tekstane ser det ut til at ein har tenkt at symbol var viktig, men at ein ikkje kunne bruke det til tolking. Dette er noko ein ser i teksten til Magnus & Myhre, med tanken om at ein ikkje kan vite om endring i gravskikk kan ha kompt frå endring i religion, fordi ein ikkje veit noko om tida sitt religiøse bilete. Religion og symbol ser dermed ut til å ha vore noko ein tenkte ein ikkje kunne måle.

Symbolet si rolle i tekstane markerer eit klart skilje mellom prosessuell og postprosessuell arkeologi. Sjølv om Stylegar var kritisk til rolla religionsarkeologi hadde fått i tolkingar, var han ikkje ueinig i at ein kan seie noko om symbolikken i grava, men at ein ikkje må gløyme at grava òg kan fortelje oss om andre aspekt ved samfunnet i fortida (Stylegar, 1995, s. 13).

I dette tilfellet er teksten til Lillehammer meir lik dei postprosessuelle tekstane, noko som òg var nemnt av Bergstøl (1995, s. 32). Ho ser symbol som ein viktig del av grava, noko som kan ha påverka gravskikken, både i den individuelle grava og over tid. Dette ser ein mellom anna ved at ho har analysert grava både som eitt objekt og som ein heilskap. Noko som fører til at ein enklare kan sjå kva for symbolikk som er blitt brukt i den individuelle grava, ikkje kun dei større sidene ein kan sjå ved å studere heilskapen.

### 5.4. Samfunnsutvikling

Forskjellen i synet på samfunnsutvikling i prosessuell og postprosessuell arkeologi er kva som vart sett på som grunnen til samfunnsendringa. I dei prosessuelle tekstane såg ein på endring som noko som kom utanfrå, enten grunna kontakt eller som resultat av folkevandring. Det er denne tolkinga som kjem fram i tekstane til Magnus & Myhre og Marstrander, sjølv om Magnus & Myhre òg trekkjer fram religion som ein mogleg faktor.

I dei postprosessuelle tekstane har tanken på at samfunnsendring kjem som resultat av ulike syn innafor ein kultur fått ein større plass, noko som kjem fram i tekstane til både Lillehammer, Bergstøl og Stylegar. Dette betyr ikkje at kulturkontakt ikkje lenger er dratt fram som ein grunn til samfunnsutvikling, som ein ser i Stylegar sin tanke om at eit militærdemokratisk system skapast etter kontakt med romerane.



Det at ein i dei prosessuelle tekstane legg fram materialet som heilskap, kan påverke korleis dei ser på samfunnsutviklinga. Her baserer tolkinga seg på endringar i heile gjenstandsmaterialet, slik som auken i mengde gjenstandar som stammar frå andre kulturar. Den individuelle gravkonteksten blir nemd, men framleis i samanheng med dei større linjene, slik som kva sosialt sjikt det er tenkt at grava høyrer til.

## 5.5. Samfunnsstruktur

Det er blitt brukt fleire metodar for å seie noko om samfunnsstrukturen i eldre jernalder. Ein metode som er blitt brukt i både prosessuelle og postprosessuelle tekstar er AOT. Marstrander nyttar denne metoden for å dele romertidssamfunnet i Inntrøndelag inn i tre ulike økonomiske sjikt, medan Bergstøl nyttar seg av AOT til å få oversikt over endring i materialinnhaldet i løpet av romertida og folkevandringstida, ikkje til å dele samfunnet opp i ulike sjikt.

Den måten Marstrander brukar AOT på, som ein slags objektiv test for å kunne forstå korleis samfunnsstruktur fungerte, har klare tilknytingar til den positivistiske tanken med prosessuell arkeologi. Det at AOT verdiane til lågsjiktet og mellomsjiktet har litt overlapping viser til at verdiane framleis vert tolka, men det er grunnlagt i ein tenkt objektiv test.

Det at Marstrander plasserer graver med få gjenstandar i eit økonomisk lågsjikt, er noko Magnus og Myhre kritiserer. Dette fordi dei meiner ein ikkje kan vite kvifor gravfunnet var manglande. Ulike samfunnsjikt vart òg tatt opp av Stylegar, men her er dette knytt til våpengraver. Han kritiserer òg dette påreknna forholdet mellom rikdom i grava og samfunnsjikt.

Korleis kulturomgrepet har blitt framstilt ser ikkje ut til å ha endra seg frå prosessuell til postprosessuell arkeologi. I alle tekstane blir kultur sett på som noko som kan endre seg på grunn av innflytelsar utanfrå, slik som kulturkontakt, til forskjell frå det statiske kultursynet kulturhistorisk arkeologi viste.

Ein forskjell mellom tekstane til Lillehammer og Bergstøl, er at Lillehammer vil fokusere på individet framfor heilskapen, medan Bergstøl vil ta fokuset frå individet i grava. Sjølv om dette er ein metodisk forskjell, gjer begge dette for å lære meir om samfunnet. Lillehammer gjer dette ved å sjå på trekk ved den gravlagde, medan Bergstøl vil sjå på heilskapen, som kan knytast til tanken om at ein ikkje kan tolke eit symbol utan kontekst.

## 6. Konklusjon

I oppgåva har eg sett på forskjellar i framstilling av samfunnet i prosessuell og postprosessuell arkeologisk tekst. Her kjem det fram tydelege forskjellar i både form og innhald. Forma har gått frå ein veldig detaljert materialoversikt, som vert lagt fram før forfattaren byrjar å tolke, til å vere meir integrert og mindre omfattande. Når det kjem til teori har framstillinga vorte meir omfattande, frå å innehalde ein forskingsteori, til å forklare bakgrunnen for korleis ein tolka materialet.

Den prosessuelle arkeologien sin teorimodell framstiller kulturkontakt og innvandring til å vere viktige direkte faktorar for samfunnsutvikling. Endring i religion vart tatt opp som ein mogleg faktor, med det vart ikkje sett på som noko ein kunne finne ut av. Tanken om kulturkontakt var framleis viktig i postprosessuell arkeologi, men den verker ikkje like direkte. Fokuset på symbol i grava hadde auka, og med dette kom ulike tolkingsmodellar for å forstå desse symbola.

Basert på tekstane eg har gått igjennom har endringane gått gradvis. I dei tidlegaste postprosessuelle tekstane hadde ein eit større fokus på å tolke symbol, men presentasjonen av teori og materiale minna framleis om korleis det vart gjort i prosessuell arkeologi, slik ein ser i teksten til Lillehammer. Ein ser òg at sjølv om tekstane viser tydelege trekk frå enten prosessuell eller postprosessuell arkeologi, er det framleis klare forskjellar innad i periodane.

# Litteraturliste

- Bergstøl, J. (1995). *Om gravrituale, makt og kjønn: En nytolkning av gravfeltet på Kvassheim*. [Hovedfagsoppgave]. Universitetet i Oslo.
- Binford, L. R. (1962). Archaeology as anthropology. *American Antiquity*, 28(2), 217-225  
<https://doi.org/10.2307/278380>
- Binford, L. R. (1971). Mortuary Practices: Their Study and Their Potential. *Memoirs of the Society for American Archaeology*, 25, 6–29. <http://www.jstor.org/stable/25146709>
- Chapman, R. & Randsborg, K. (1981). Approaches to the archaeology of death. I R. Chapman, I. Kinnes, & K. Ravensborg (Red.), *The archaeology of death* (s. 1-24). Cambridge university press.
- Hodder, I. (1991) Archaeological theory in contemporary European societies: the emergence of competing traditions. I I. Hodder (Red.), *Archaeological theory in Europe: the last tre decades* (s. 1-24). Routledge.
- Hodder, I. (1991) Preface. I I. Hodder (Red.), *Archaeological theory in Europe: the last tre decades* (s. vii-xi). Routledge.
- Hodder, I. & Hutson, S. (2003). *Reading the Past : Current Approaches to Interpretation in Archaeology* (3. utg). Cambridge University Press
- Johnson, M. (2020). *Archaeological theory: an introduction* (3. utg.). Wiley Blackwell.
- Lillehammer, G. (1996). *Død og grav: gravskikk på kvassheimfeltet, Hå i rogaland, SV Norge*. Arkeologisk museum i Stavanger.
- Magnus, B & Myhre, B. (1995). *Norges historie: Bind 1 Forhistorien: frå jegergrupper til høvdingsamfunn* (3. utg.). J. W. Cappelens Forlag.
- Marstrander, L. (1983). *Inntrøndelag i Romertid: Gravfunn og bosetning*. Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab Museet.
- Myhre, B. (1991) Theory in Scandinavian archaeology since 1960: a view from Norway. I I. Hodder (Red.), *Archaeological theory in Europe: the last tre decades* (s. 161-186). Routledge.

- Olsen, B. (1997). *Fra ting til tekst: teoretiske perspektiv i arkeologisk forskning*. Universitetsforlaget
- Solberg, B. (2021). *Jernalderen i Noreg: 500 før Kristus til 1030 etter Kristus* (8. utg.). Cappelen Akademisk Forlag.
- Stylegar, F-A. (1995). *Dialoger med de døde: Arkeologien og gravskikken* [Hovedfagsoppgave]. Universitetet i Oslo.
- Wangen, W. (2009). *Gravfeltet på Gunnarstorp i Sarpsborg, Østfold: Et monument over dødsriter og kultutøvelse i yngre bronsealder og eldste jernalder*. Universitetet i Oslo.

